



Protokoll frå ekstraordinært årsmøte i Øystese Idrettslag

Ekstraordinært årsmøte vart halde i Holmatun, onsdag 2. november kl 19.00

Sak 1 Godkjenning av dei med stemmerett

Styret gjorde greie for talet på personar som var til stades ved oppstart av årsmøtet som styret har registrert inn med stemmerett.

Vedtak: Årsmøtet godkjente følgjande tal på medlemmer med stemmerett: 90

Sak 2 Godkjenning av innkalling og sakliste

A) Godkjenning av innkalling

Styret la fram forslag om at innkallinga vart godkjent.

Følgjande hadde ordet i saka:

-

Vedtak: Årsmøtet godkjente innkallinga.

Talet på stemmer for 90 og mot 0.

B) Godkjenning av sakliste

Styret la fram forslag til sakliste for godkjenning av årsmøtet.

Følgjande hadde ordet i saka:

-

Vedtak: Årsmøtet godkjente følgjande sakliste:

1. Godkjenne dei med stemmerett.
2. Godkjenne innkalling og sakliste
3. Velje dirigent, referent, samt to medlemmer til å underskrive protokollen.
4. Samanslåing av Øystese Idrettslag fotballgruppe og Norheimsund Fotball, ved at det vert etablert ny klubb; Kvam Fotballklubb. Viser til vedlagt saksdokument.

Talet på stemmer for 90 og mot 0.

Sak 3 Val av dirigent, referent, samt to medlemer til å underskrive protokollen

A) Val av dirigent

Styret foreslo **Torgeir Magnar Børve** som dirigent.

Vedtak: Årsmøtet valde **Torgeir Magnar Børve** som dirigent.



Talet på stemmer for 90 og mot 0.

B) Val av referent

Styret foreslo **Vidar Østerbø** som referent.

Vedtak: Årsmøtet valde **Vidar Østerbø** som referent.

Talet på stemmer for 90 og mot 0.

C) Val av to medlemmer til å underskrive protokollen

Styret foreslo

Birger Linga og Helga Haaland til å underskrive protokollen.

Vedtak: Årsmøtet valde foreslåtte ovanfor til å underskrive protokollen.

Talet på stemmer for 90 og mot 0.

D) Val av fire medlemmer til teljekorps ved avstemming etter vedtak i sak 4

Styret foreslo:

Sissel Åse Børve, Ingunn Hildonen Teigland, Bjørn Christian Laupsa, Kjetil Reed.

Vedtak: Årsmøtet valde dei føreslegne ovanfor til teljekorps.

Talet på stemmer for 90 og mot 0.

Sak 4 Samanslåing av Øystese idrettslag fotballgruppe og Norheimsund fotball, ved at det vert etablert ny klubb; Kvam fotballklubb. Viser til framlagt dokument.

Følgjande hadde ordet i saka:

Leiv Sandven

Karsten Samland

Ola Fjærdingen (styret i ØIL fotball)

Tore Tellevik

Ola Fjærdingen (styret i ØIL fotball)

Jan Tjosaas

Frode Sandven

Rune Vik (styret i ØIL)

Tore Tellevik

Rune Vik (styret i ØIL)

Martin Lunestad (styret i ØIL fotball)

Leiv Sandven

Hilde Børven

Leiv Sandven

Ove Sandven

Kristi Opsanger



Ola Fjærdingen
Tore Tellevik

Forslag til vedtak:

Ekstraordinært årsmøte i Øystese idrettslag vedtek samanslåing av fotballgruppa med Norheimsund fotball, i tråd med saksdokument datert 21.10.2016.


- Ny klubb, Kvam fotballklubb, skal vere klar for sesongen 2017
- Fotballgruppa i Øystese idrettslag vert lagt ned og Øystese idrettslag melder seg ut av Norges Fotballforbund
- Øystese idrettslag overfører kr 200.000,- til ny klubb
- Øystese Idrettslag fotballgruppa gir frå seg divisjonsplasser til Kvam fotballklubb

Vedtak: NEI (JA eller NEI - positivt vedtak krev 2/3 fleirtal)

Talet på stemmer for **JA 43** og for **NEI 44** (3 har avstått frå å røysta)

Øystese, 2. november 2016


Helga Haaland


Birger Linga

[Signatur frå dei to medlemmene som i sak 3.C) vart valde til å signere protokollen]